



Normalvedtekter for 4H-klubbar

Vedtekne av landsstyret 7. august 2000. Sist endra 28. april 2019.

§ 1. Namn

Namnet på klubben er4H.

§ 2. Formål

Føremålet til 4H-klubben er å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske.

Grunnlaget for organisasjonen sitt arbeid finst i naturbruksnæringane og i lokalmiljøet.

4H Norge si målsetjing vert uttrykt gjennom 4H lovnaden:

Vi lovar å arbeide mot det mål å verte ein ungdom med klårt Hovud, varmt Hjarte, flinke Hender og god Helse.

4H-klubben er tilknytt 4H (namn på fylket), og er ein del av organisasjonen 4H Norge.

§ 3. Medlemmer

All ungdom mellom 10 og 25 år som vil følgje 4H Norge og klubben sine vedtekter og retningslinjer kan verte medlemmer i 4H-klubben.

§ 4. 4H-klubben sine arbeidsoppgåver

Arbeidsoppgåvene til 4H-klubben er å:

- 1) Utvikle eit godt ungdomsmiljø på heimstaden ved å drive allsidig klubbaktivitet.
- 2) Utvikle ein aktiv ungdom med fagleg innsikt og praktisk kunnskap innan 4H sine programområde natur, kultur, samfunn og helse ved å drive allsidig 4H-arbeid for barn og unge.
- 3) Medverke til samkjensle, arbeidsglede og auka trivsel i lokalsamfunnet ved å gjennomføre 4H-aktivitetar.
- 4) Gje råd og opplæring gjennom 4H prosjekt, kurs, studiearbeid, tevlingar, demonstrasjonar, lagsarbeid og andre arbeidsformer etter prinsippet «Å lære ved å gjere».

§ 5. Årsmøte

Årsmøtet er 4H-klubben sitt høgaste organ. Kvart år, så snart som mogleg etter haustfesten og før 1. desember, har klubben årsmøte. Styret kallar inn til årsmøtet. Medlemmene i klubben skal få innkalling til/kunngjering om årsmøtet minst 10 dagar på førehand. Berre medlemmer mellom 10 og 25 år som har vore med i minst 1 månad og har betalt medlemskontingenten, har røysterett. Det skal førast protokoll frå årsmøtet.



Årsmøtet skal handsame:

- 1) Melding frå styret om arbeidet i klubben siste året.
- 2) Signert/revidert rekneskap for klubben for siste året.
- 3) Innkomne saker. Slike saker må ha kome til klubbstyret minst 5 dagar før årsmøtet. For vedtekteksendringar, sjå §9.
- 4) Framlegg til arbeidsplan for neste år.
- 5) Framlegg til budsjett med fastsetjing av medlemskontingent til klubben for neste år.
- 6) Val for eitt år av:
 - a. Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og eit medlem til klubbstyret. Berre medlemmer i alderen 10 - 25 år som enda ikkje har plaketten kan veljast til styret.
 - b. Klubbrådgjevarar.
 - c. 2 representantar med vararepresentantar til årsmøtet for 4H i fylket.
 - d. Val av ein myndig person som skal være prokurist for klubben saman med klubbrådgjevar A.
 - e. Representant(ar) til 4H-nemnda i kommunen, der det er aktuelt.
 - f. Valkomité på 3 medlemmer, og ein vararepresentant.
 - g. Revisor.

Det skal vere skriftleg val på leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og styremedlem. Ved andre personval skal det vere skriftleg val dersom det er framlegg om meir enn ein kandidat eller dersom nokon forlanger det. Blanke røyster vert rekna som gyldige røyster.

§ 6. Styret

Styret har som oppgåve å leie arbeidet i klubben etter dei lover og reglar som gjeld i organisasjonen 4H Norge. Styret har ansvar for økonomi og aktivitetar i klubben.

For gyldig vedtak i styret, vert det kravd at minst 3 medlemmer har røysta for framlegget.

Styret i samråd med klubbrådgjevar(ar) førebur møte og ulike aktivitetar i 4H-klubben.

Leiaren kallar inn til og leier styremøta.

Sekretæren har ansvar for at det vert ført referat frå medlemsmøte, styremøte, festar, tevlingar m.m. Sekretæren bør også sørge for at andre viktige hendingar i 4H-klubben vert refererte i møteboka.

Kasseraren fører rekneskap for 4H-klubben og ordnar med alle pengesaker. Kasseraren skal også ha oversikt over og tilsyn med alt klubben eig.

Styret skal straks etter årsmøtet, og seinast 1. desember, legge inn årsmelding, årsrapport, samandrag av rekneskap, balansekonto, kasseraren sine kommentarar, melding frå revisor og årsplan i medlemsregisteret. Styret skal også registrere nytt styre i medlemsregisteret og i Frivilligregisteret/Brønnøysundregistra.



§ 7. Klubbrådgjeverar

4H-klubben skal ha ein eller fleire vaksne klubbrådgjeverar. Klubbrådgjeverane vert valde på årsmøtet. Dei skal vere rådgjeverar for 4H-klubben og i første rekkje hjelpe styret med å planleggje drifta av klubben. Klubbrådgjeverane skal også i samarbeid med styret, 4H-nemnda og 4H-fylkesstyret skaffe prosjekthjelparar som kan rettleie 4H-medlemmene i arbeidet med dei praktiske 4H-prosjekta. Klubbrådgjeverane fordeler arbeidet seg imellom.

Klubbrådgjeverane og 4H-alumnar har ikkje røysterett ved røysting i 4H-klubben. Dei kan heller ikkje veljast til styrefunksjonar i 4H-klubben.

Klubbrådgjever A er prokurist for klubben, saman med ein anna myndig person vald av årsmøtet i klubben.

§ 8. 4H-alumnar

4H-alumnar i alderen 19 - 25 år kan hjelpe klubbrådgjeverane med ulike leiar- og serviceoppgåver i 4H-klubben.

§ 9. Vedtekter

4H-klubben vedtek sine egne vedtekter etter mønster av 4H Norge sine normalvedtekter for 4H-klubbar. Klubben kan endre vedtektene når det er gjort framlegg om det på årsmøtet, og det vert vedteke med minst 2/3 fleirtal. Vedtektene og eventuelle endringar av desse må godkjennast av 4H-fylkesstyret for å vere gyldige.

Framlegg om endring av vedtektene må ha kome til styret minst 1 måned før årsmøtet.

§ 10. Kontingent

4H-medlemmene betaler kontingent til organisasjonen 4H Norge:

- 1) Kontingent til 4H-klubben fastsett av årsmøtet i klubben.
- 2) Kontingent til 4H i fylket og 4H Norge sentralt fastsett av årsmøtet for 4H Norge.

§ 11. Oppløysing av klubben

Ein 4H-klubb kan ikkje oppløysast så lenge minst tre medlemmer vil oppretthalde drifta.

Om ein 4H-klubb sluttar å fungere, skal alt klubben eig takast vare på av 4H-fylkesstyret. Alle verdiar skal oppbevarast i 5 år. Dersom det ikkje er kome i gang 4H-arbeid på same staden i løpet av denne tida, skal midlane brukast til 4H-arbeid andre stader i kommunen eller stillast til rådvelde for 4H-fylkesstyret.



§ 12. Samanslåing av klubber

Når to eller fleire klubber vil slå seg saman, gjeld ein av desse framgangsmåtane:

- 1) Alle 4H-klubbane løysast opp etter normalvedtekter for 4H-klubbar. Ny klubb vert starta med val av nytt klubbnamn, klubbrådgevarar, styre, organisasjonsnummer, bankkonto og årsplan. Midlane frå dei oppløyte klubbane går til den nye klubben.
- 2) Dersom klubbane ynskjer samanslåing ved at medlemmane inviterast over i ein av dei allereie eksisterande klubbane, medan den (de) andre klubben (klubbane) løysast opp, følgjer desse midlane i sin heilskap medlemmane inn i naboklubben.

§ 13. Iverksetjing

Desse vedtektene er fastsette på årsmøtet i 4H-klubben den (dato)

Godkjende av 4H-fylkesstyret den (dato)

Gjort gjeldande med verknad frå den (dato).